

Demonstrasjon av pjonning - og kva er det?

03.10.2014



<http://stellacharming.files.wordpress.com/2012/08/3.jpg>

Trinn 2: Trekk kastet gjennom løkken.



<http://stellacharming.files.wordpress.com/2012/08/5.jpg>

Gjenta trinn 1 og 2 til du har fått riktig antall luftmasker.

Utdrag frå eit minikurs i pjonning

Eit stadig meir aktivt helselag lanserer nye tema og tysdag kveld klokka 19.30 står demonstrasjon av pjonning på programmet i Gamleskulen.

Men det er kanskje nokon som ikkje veit hva det er og vi står straks til teneste med den leksikale forklaringa: Det er ein form for hekling og det er ein kul teknikk, lovar dei som kan den. Dei lovar også at den er så enkel at alle kan klare den

Ein legg opp med luftmasker og arbeider vidare med kjedemasker. Til forskjell frå hekling stikk ein nåla berre gjennom eitt ledd av maska om gongen og det gjev flotte strukturar.

Pjoning er ein gamal hekleteknikk og det er døme på pjoning frå 1800-talet her i landet.

Det er også andre namn på teknikken, som gobelinhekling, mosaikkhekling eller bosnisk hekling. Svenskane kallar den smygmaskevirkning.

For å kunne pjone treng du ein heklekrok og garn.

Eli Roseth Eik i helselaget anbefaler at ein tek med heklenål storleik 4-5 og garn. Det er eigne pjonekrokar, men dei treng ein ikkje, står det i eit minikursopplegg.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen